

Vedlegg til sak 4/14: Ny museumsorganisasjon i Nordhordland

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing

Frå protokollen til møte i Kulturutvalet, 2. desember 2013:

Ny museumsorganisasjon i Nordhordland

Lindås kommune sette i 2012 ned ei arbeidsgruppe for å sjå på muleg løysing for magasin og utstilling i kommunen. Gruppa, v/ leiar Knut Geelmuyden, Øyvind Stang Kultursjef i Lindås kommune og Jostein Hellestveit, leiar av levekårsutvalet i Lindås, var invitert til møtet for å orientere om sitt arbeid.

Utgangspunktet for arbeidet som var sett i gong var eit verbapunkt i samband med Lindås kommune sitt budsjett som slo fast at det var trøng for ein museumsorganisasjon som kunne stå for bevaring og utstilling av kommunen og sogelaget sine samlingar.

Arbeidet starta ut frå lokale behov men heile tida med tanke på å utvikle ein organisasjon som også kunne vere tenleg for alle kommunane / fleire kommunar i Nordhordland. Signal frå Museumssenteret og Hordaland Fylkeskommune til arbeidsgruppa, peikte også på dette som heilt sentralt, både for at saka skulle vere interessant og ta vidare, men også som særskilt viktig for å få sentrale midlar inn i arbeidet.

Arbeidsgruppa ser for seg å få ein paraplyorganisasjon som byggjer på, og arbeidar samlande for, dei eksisterande frivillige lag. Ein slik organisasjon må vere ein konsolidert eining innunder Museumssenteret i Salhus.

I organisasjonen skal det arbeidast fagleg med spørsmåla kring bevaring, magasinering og utstilling – alt med utgangspunkt i dokumentasjon av strilekulturen og kva som kjenneteiknar regionen. Vidare tenker ein at den nye organisasjonen skal ha eit samarbeidsutval med dei partane, frå dei ulike kommunar, som deltek i samarbeidet.

Arbeidsgruppa ønskjer no at dette skal bli eit interkommunalt prosjekt. Her vil det vere viktig først og fremst å få på plass ein organisasjon som kan ta dei faglege utgreiingane i høve til behov. Ein må unngå at dette vert ein debatt om lokalisering og økonomi i første fase.

Dersom Regionrådet vil ta saka vidare, vil arbeidsgruppa tilrå at NUI kallar inn til ei brei samling for tilsette i kommunane og frivillige for å løfte saka fram. Ein regional arbeidsgruppe kan bli satt saman for å føre arbeidet vidare.

Vedtak:

Kulturutvalet vil fremme saka for Regionrådet og får ein diskusjon om saka der. Arbeidsgruppa i Lindås vert invitert til Regionrådsmøte for å presentere arbeidet.